

## SAK 19/13 UTTALE – HANDLINGSPROGRAM FOR KOLLEKTIVTRANSPORT 2014-2017

### Saksopplysning

#### Bakgrunn

Buskerud fylkeskommune har sendt forslag til handlingsprogram for kollektivtransport 2014 - 2017 ut på høyring.

Regionrådet for Hallingdal gav i sak 03/12 uttale til Kollektivtransportplan for Buskerud.

Fylkestinget handsama Kollektivtransportplan for Buskerud den 14.6 2012 og vedtok følgjande:

1. *Fylkestinget godkjenner at "Kollektivtransportplan for Buskerud", datert 29. november 2011, legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.*
2. *Det utarbeides et handlingsprogram for oppfølging av planen. Handlingsprogrammet startes opp i 2012.*
3. *Buskerud fylkeskommunes arbeid med gjennomføring av planen skal skje i nært samarbeid med andre regionale aktører, statlige etater, kommuner og interkommunale samarbeid.*
4. *Reiselivsnæringens behov for samordnet kollektivtransport, innarbeides i kollektivtransportplanen for Buskerud. Innunder her er det viktig at også flybusstilbudet mellom Ringerike/Hallingdal og Gardermoen blir omtalt.*

Planen blir no følgt opp med forslag til handlingsprogram. I handlingsprogrammet er det teke omsyn til føringar og strategiar som er vedteke med utgangspunkt plandokumentet inkl. «tilleggsvedtak» punkt 4, som vart initiert frå Regionrådet.

I saksutgreininga er det lagt vekt på forhold som først og fremst er av interesse for Hallingdal.

### Hovudinnretning

Hovudinnretninga i kollektivtransportplanen er at det primært skal satsast på tilbodsforbetringar der behovet er størst, og der det er størst miljøgevinstar. Ut frå dette er satsinga i byområda og for pendling til Oslo og Akershus.

Hovudmålet er at i 2030 har kollektivtransporttilbodet auka vesentleg i byar og sentrale tettstedar internt i fylket og for fylkeskryssande reiser mot Akershus og Oslo.

Kollektivtransportplanen har følgjande hovudinnretningar:

- *Satsing i byer – med økt/ny finansiering*
- *Økt satsing på pendling/arbeidsreiser*
- *Videreføring av tilskuddsnivå, men nye og mer effektive løsninger i distriktene.*

Det er ein føresetnad at vedtekne strategiar skal nåast innan 2030. Samtidig skal det utarbeidast eit realistisk handlingsprogram for dei 4 første åra, 2014-2017.

### Strategiar for å nå hovudmål for kollektivtransporttilbodet

Følgjande strategiar er peika ut for å nå hovudmål for kollektivtransporttilbodet:

- ***H1.1 Kollektivtransporttilbud for betjening av byer og sentrale tettsteder***  
*For betjening av byer og sentrale tettsteder som Drammensdalen (Lier – Hokksund), Kongsberg og Hønefoss skal veksten i motoriserte reiser, som følge av forventet befolkningsøkning, tas av kollektivtransport.  
Tilbodet skal være godt og tilpasset lokale behov.*
- ***H1.2 Kollektivtransporttilbud mot Akershus og Oslo***

*I Drammensdalen (Lier – Hokksund), Kongsberg, Ringerike/Hole og Røyken, skal veksten i motoriserte reiser mot Akershus/Oslo, som følge av forventet befolkningsøkning, tas av kollektivtransport.*

*Tilbudet skal være godt og koordinert med Ruter sitt tilbud i Akershus/ Oslo.*

- **H1.3 Busstilbud lokalt i distriktene**

*Lokalt i distriktene skal kollektivtransport med buss utvikles innenfor dagens tilskuddsnivå.*

*Lokalt i distriktene skal kollektivtransport med buss primært utvikles med basis i behovet for skolekjøring. Det legges vekt på å utvikle et smart kollektivtransporttilbud som er med på å sikre innbyggerne en grunnleggende mobilitet.*

- **H1.4 Lange reiser med buss internt i Buskerud**

*Lange reiser med buss internt i Buskerud skal utvikles innenfor dagens tilskuddsnivå.*

*Reisene skal samordnes med andre lokale busstilbud, komplettere togtilbuddet og bygge opp under jernbanens hovedknutepunkt.*

- **H1.5 Lange fylkeskryssende reiser med buss**

*Lange gjennomgående reiser med buss (starter og slutter utenfor Buskerud) skal som i dag drives uten tilskudd.*

- **H1.6 Togtilbud**

*Buskerud fylkeskommune skal påvirke staten til å gi tilbud med lokaltog, regiontog og fjerntog som bygger opp under overordnet mål.*

Hovudmålet for kollektivtransportsystemet er at kollektivtransportsystemet for buss har ein robust grunnstruktur som er tilpassa jernbanenettet. Grunnstrukturen skal vera enkel, oversiktleg og lett å bruke for kunden.

#### Strategiar for å nå hovudmål for kollektivtransportsystemet

Følgjande strategiar er peika ut for å nå hovudmål for kollektivtransportsystemet:

- **H2.1 Linjenett og knutepunkter for tog og buss**

- Basislinjenett og hovedknutepunkter (grunnstrukturen) skal være enkel og oversiktlig og vare over tid slik at fylkeskommunens og kommunenes langsigktige planlegging understøttes.
- Tog- og busstransport samordnes for å gi et best mulig tilbud til kundene samlet sett. Fokus er utvikling av knutepunkter der trafikkartene korresponderer samt forenkling og samordning av billettssystemene.
- Det skal satses på muligheter for innfartsparkering (park and ride) i alle knutepunkter og andre naturlige steder der kollektivsystemet tilbyr en god frekvens hele driftsdøgnet.

- **H2.2 Kortere, rettere og raskere bussbetjening**

- Linjenettet skal være lett å bruke og lett å forstå for de reisende.
- Et enklere linjenett skal gi økt forutsigbarhet og redusert reisetid.

- **H2.3 Universell utforming og kundevennlighet**

- Materiell, informasjonssystem og infrastruktur skal være universell utformet.
- Pris- og sonestruktur skal være enkel og kundevennlig.
- Sanntidsinformasjon skal være tilgjengelig.
- Ruteinformasjon skal være tilgjengelig på aktuelle medier.
- God kundebehandling skal prege virksomheten.

- **H2.4 Infrastruktur**

- Kollektivtraseene skal sikres god (behagelig) dekketkvalitet.
- Det skal være fokus på å forbedre gangrutene til og fra holdeplasser.

- *I byer og sentrale tettsteder skal det legges til rette for å sikre bussene samme fremkommelighet i og utenfor rush slik at forsinkelser ikke opptrer og forutsigbarhet oppnås.*
- *Buskerud fylkeskommune skal påvirke staten til utbygging av: 1. Sørlandsbanen mellom Drammen og Kongsberg med dobbeltspor. 2. Ringeriksbanen 3. Videreutvikle Spikkestadlinjen med forbedret tilbud 4. Bedre kapasiteten i linjenettet i tråd med økende behov; særlig i Osloområdet.*
- **H2.5 Bussmateriell**
  - *Bussmateriell skal oppfylle alle myndighetskrav.*
  - *Bussmateriell skal bidra til å redusere utslipp og å redusere støy.*
  - *Det skal være sitteplass til alle grunnskoleelever ved kjøring på veg med fartsgrense over 60 km/t.*

### Økonomi

Når det gjeld finansiering av kollektivtransporten i tettbygde områder (med sterk satsing på kollektivtransport) blir det foreslått å innføre ei tilleggsfinansiering, som samtidig bidrar til å redusere bruken av privatbil, som for eksempel bompengar, vegprising, køprising og/ eller parkeringsrestriksjonar.

I distrikta er det foreslått ei satsing og utvikling av kollektivtransporten innanfor dagens tilskotsnivå.

Det er lagt inn 4 alternativ for finansiering:

- 0 = *Dagens tilskuddsnivå + noe tilskudd fra belønningsordningen og Buskerudbypakke 2.*
- 1 = *Dagens tilskuddsnivå + 10 Mill pr år*
- 2 = *Dagens tilskuddsnivå + 20 Mill pr år*
- 3 = *Dagens tilskuddsnivå + 30 Mill pr år*

### Handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet er delt inn i følgjande hovedpunkt:

- *Felles for Buskerud fylke*
- *Buskerudbyen*
- *Ringeriksregionen*
- *Røyken og Hurum*
- *Distrikta og reiselivet*

Forslag til handlingsprogram med utgangspunkt i Hallingdal sine behov er synleggjort i vurderingane.

### Vurdering

Forslag til handlingsprogram har i sterkare grad teke omsyn til distrikta enn det ein kunne frykte med bakgrunn i forslag til Kollektivtransportplan for Buskerud. Innspel frå m.a. Hallingdal, politisk handsaming i fylkeskommunen og vidare arbeid med handlingsprogrammet gjev meir positive signal for distrikta.

Men det er ei kjennsgjerning at Kollektivtransportplan for Buskerud i stor grad er ein plan for byar og sentrale tettstader, noko det er forståing for. I distrikta med lite trafikkgrunnlag er rutetilbodet i stor grad gjeve gjennom skulerutene, sjølv om dette ikkje alltid er tilpassa behova til andre reisande. Det er såleis eit noko avgrensa potensiale for å få fleire over frå privatbil til kollektive transportmiddel. Store delar av Hallingdal er tunt befolka, og her vil

privatbilen måtte stå for store delar av transporten også i framtida. Likevel bør ikkje dette vera ei sovepute for å unngå tilrettelegging for eit best mogleg kollektivtilbod også i distrikta.

I handlingsprogrammet er det gjeve nokre føringar for korleis det skal arbeidast slik at ein også i distrikta kan få eit betre kollektivtilbod med auka bruk. Det er og positivt at påverkarolla og kommunikasjon med m.a. NSB og Jernbaneverket skal forsterkast. Betre og sterke samordning mellom tog og buss vil utan tvil gje eit betre tilbod for Hallingdal. Som eit eksempel på manglande kommunikasjon mellom «partane» kan nemnast ruteendringar på Bergensbanen i 2012 som førte til fleire døme på at tog/buss ikkje lenger korresponderte.

I Hallingdal er det interne kollektivtilboden i stor grad busstilbod basert på skulekøyring. I tillegg finnes nokre lokale bussruter. Hallingdal er ein region med svært lite dagpendling inn/ut av regionen, fyrst og fremst fordi reisetid til ein større bu/arbeidsmarknad er for stor. Men Hallingdal har omfattande intern pendling, med om lag 1500 som pendlar over ei eller fleire kommunegrenser. Det er positivt at det skal setjast i gang eit arbeid for å utgreie behov og potensiale for pendlarbuss (2014), mellom kommunane i Hallingdal.

Etablering og igangsetting av bestillingstransport og utvikle bestillingsruter som erstatning for ordinære bussruter er foreslårte tiltak som Hallingdal bør engasjere seg i.

Kollektivtilboden for lange reiser er spesielt viktig for tenestereiser, men også for reiselivet. For Hallingdal er det heilt avgjerande å sikre morgontilboden med buss eller tog til Drammen og hovedstadsområdet. Utan eit slikt tilbod har ikkje Hallingdal eit reelt kollektivtilbod for dagsreiser. I handlingsprogrammet er ikkje dette konkret omtala, noko som det med fordel kunne vore gjort, fordi dette er sjølv fundamentet for dagsreiser frå/til Hallingdal.

Det er og avgjerande å sjå lange reiser med buss i samanheng med togtilboden og ei god samordning med lokale busstilbod. Avgangar må i størst mogeleg grad samordnast mellom buss og tog slik at det totalt blir eit best mogeleg tilbod i forhold til transportbehov gjennom døgnet. Tog- og busstransport må samordnast for å gi eit best mogeleg tilbod, samla sett. Fokus er utvikling av knutepunkt der trafikkartane korresponderer. I tillegg må det arbeidast for ei forenkling og samordning av billettsystema. Dette er punkt som er konkretisert i handlingsprogrammet.

Bussrute Hønefoss – Gardermoen som korresponderer med tog på Bergensbanen har vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa i Hallingdal. I handlingsprogrammet er det foreslått å utgreie behov for eventuell etablering av flybuss Hallingdal - Ringerike – Gardermoen. Her bør det og sjåast på samordning tog/buss.

Bergensbanen er av svært stor betydning for Hallingdal, både for innbyggjarane og for reiselivet. Det er viktig at togtilboden blir innretta slik at det også kan betene reiselivsmarknaden betre enn det som er tilfelle i dag. For å få fleire til å velje tog framfor bil eller fly må reisetida på Bergensbanen reduserast og frekvensen må aukast. Ny Ringeriksbanen er ein føresetnad for å få overført trafikk. I handlingsprogrammet er det foreslått å arbeide aktivt for å forbetre kapasitet på jernbanenettet i og gjennom Buskerud fylke, og påverke til bygging av Ringeriksbanen og tiltak som gir kortare reisetid på Bergensbanen.

I høyringsutkast til Kollektivtransportplan for Buskerud var reiselivet og turisten i prinsippet ikkje noko tema. Dette er etter fylkestinget sitt vedtak no kome inn som eigne punkt i

handlingsprogrammet. Både i forhold til vurdering av kollektivtilbod Hallingdal - Ringerike – Gardermoen og prosess for å vurdere reiselivet sine behov med mogelege løysingar.

I eit forsøk på å få best mogeleg oversikt over forslag til handlingsprogram og Hallingdal sine behov, bør tabell under kunne vera eit grunnlag.

Uttale Regionrådet, sak 03/12 (resymé)		Forslag handlingsprogram (resymé)	
Pkt.	Tekst	Strategi	Tekst
3	Regionrådet for Hallingdal ber om at det i handlingsprogrammet blir vurdert «pendlarrute» Geilo – Gol, som vil omfatte ca. 800 personar	H1.3	<p><i>Smart kollektivtransport basert på lavt trafikkgrunnlag</i></p> <p><i>Utrede behov og potensiale for pendlerbuss (2014):</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mellom kommunene i Hallingdal.</li> <li>• Mellom Flesberg og Kongsberg.</li> </ul>
		H1.3	<p><i>Skoleskyssen er grunnstammen i kollektivtrafikken.</i></p> <p><i>Gjennomføre pålagt skoleskyss.</i></p> <p><i>Åpne skoleruter for andre passasjerer</i></p>
4	Forsøk med bestillingstransport i forskjellige variantar tilpassa lokale behov bør koma inn som konkret tiltak i handlingsprogrammet. Strategi H1.3.	H1.3	<p><i>Smart kollektivtransport i området med lavt trafikkgrunnlag. Etablering og igangsetting av bestillingsruter.</i></p> <p><i>Utrede, eventuelt planlegge og etablere system og drift av bestillingstransport.</i></p> <p><i>Igangsett ett eller flere pilotprosjekt.</i></p> <p><i>Utred i 2013, investere i system i 2014 og etablere pilotdrift og eventuelt permanent drift i perioden 2014-17.</i></p>
		H1.3	<p><i>Smart kollektivtransport i området med lavt trafikkgrunnlag. Etablering og igangsetting av bestillingsruter.</i></p> <p><i>Utvile bestillingsruter som erstatning for ordinære bussruter med lavt belegg (se også distriktpakke).</i></p> <p><i>Usikkerhet knyttet til økonomisk behov.</i></p>
5	For Hallingdal er det heilt avgjerande å sikre morgontilbodet med buss eller tog til Drammen og hovedstadsområdet.		Ikkje omtala
6	Til Hallingdal må lange fylkeskryssande reiser med buss frå Oslo og Drammen, sjåast i samanheng med togtilbodet	H2.1	<p><i>Linjenett, knutepunkter for tog og buss samt innfartsparkering.</i></p> <p><i>Gjennomgå linjenett med sikte på å få en enklere, mer kundevennlig og robust struktur. Kontinuerlig prosess</i></p>
		H2.1	<p><i>Fylkeskommunen skal ta et særskilt pådriveransvar for utvikling av knutepunkter og innfartsparkering.</i></p>
		H1.5	<p><i>Lange fylkeskryssende ruter gjennom fylket skal drives uten tilskudd.</i></p> <p><i>Bidra med informasjon om tilbud. Tilby tilslutning til sanntidsinformasjonssystem mot vederlag.</i></p>
7	Det er eit stort potensiale for meir brukarvennleg ruteopplysning både for enkeltstrekningar, og ikkje minst for overgangsmogelegeheter. Dette gjeld både internettbaserte løysingar og anna opplysningsmateriell.	H2.3	<p><i>Universell utforming og kundevennlig ruteinformasjon.</i></p> <p><i>Innføre sanntidsinformasjon utenfor Buskerudbyen, 2016</i></p>
8	Gjennomgåande billettering bør gjennomförast både for buss og tog og	H2.3	Ikkje omtala

	overgangar mellom desse.		
9	Bussrute Hønefoss – Gardermoen som korresponderer med tog på Bergensbanen har vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa i Hallingdal. Dette er eit punkt som må vurderast nærmare i handlingsprogrammet.	Pkt. 4	<i>Flybuss Hallingdal - Ringerike – Gardermoen Utredningen avklarer behov for eventuell etablering og drift, 2014.</i>
10	For å få fleire til å velje tog framfor bil eller fly må reisetida på Bergensbanen reduserast og frekvensen må aukast. Ny Ringeriksbanen er ein føresetnad for å få overført vesentleg trafikk.	H1.6	<i>Arbeide aktivt for forbedret togtilbud i og gjennom Buskerud fylke. Forsterke påvirkerollen. Ha regelmessige møter med NSB. Samråd med kommuner og kommuneregioner.</i>
		H2.4	<i>Arbeide aktivt for forbedret kapasitet på jernbanenettet i og gjennom Buskerud fylke. Påvirke til bygging av Ringeriksbanen og tiltak som gir kortere reisetid på Bergensbanen</i>
11	Argumenta for å gjera nærmare vurderingar i forhold til turisten som målgruppe i kollektivtransportplanen bør vera innlysande.	Pkt. 4	<i>Drofste reiselivets behov med bransjen og kommune-regionene/kommunene. Vurdere spleislag som en mulig løsning for konkrete tiltak.</i>
12	I 2014 vil ny vegparsell Sokna – Ørgenvika opnast. Dette kan føre til endring i reisemønster Hallingdal – Oslo, noko som må vurderast.	H1.5	<i>Samarbeide med operatørene for å avklare fremtidig ekspresbusstilbud når ny Rv 7 Sokna – Ørgenvika åpnes i 2014. Arbeidet bør starte i 2013.</i>

### Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal har følgjande merknader i samband med forslag til handlingsprogram for kollektivtransport 2014 – 2017.

1. Regionrådet for Hallingdal registrerer at det er fleire strategiar og tiltak som er distriktsretta. Dette er positivt, og for å nå målsetningane vil det vera avgjerande med eit godt samarbeide mellom Buskerud fylkeskommune og Hallingdal som region.
2. Regionrådet ser det som viktig at fylkeskommunen også samarbeidar på tvers av fylkesgrensene, slik at sentrale lange ruter blir samordna med lokale ruter, der dette er mogeleg.
3. For Hallingdal er det heilt avgjerande å sikre morgontilboden med buss eller tog til Drammen og hovedstadsområdet. Utan eit slikt tilbod har ikkje Hallingdal eit reelt kollektivtilbod for dagsreiser. I handlingsprogrammet er ikkje dette konkret omtala, noko som det med fordel kunne vore gjort, fordi dette er sjølve fundamentet for dagsreiser frå/til Hallingdal.  
Det er og avgjerande å sjå lange reiser med buss i samanheng med togtilboden og ei god samordning med lokale busstilbod. Avgangar må i størst mogeleg grad samordnast mellom buss og tog slik at det totalt blir eit best mogeleg tilbod i forhold til transportbehov gjennom døgnet.
4. Regionrådet for Hallingdal er positiv til:
  - At det blir sett i gang eit arbeid for å utgreie behov og potensiale for pendlarbuss mellom kommunane i Hallingdal.
  - At det blir sett i gang eit arbeid for å utgreie og event. etablere system og drift av bestillingstransport. Områder i Hallingdal bør vera godt egna for å gjennomføre pilotprosjekt, noko Regionrådet eventuelt vil engasjere seg i.
  - At det blir vurdert bestillingsruter som erstatning for ordinære bussruter, der det er lågt belegg.

- At det blir utgreidd flybuss Hallingdal - Ringerike – Gardermoen. Her må det og sjåast på samordning tog/buss.
  - At det blir sett i gang eit arbeid for å avklare framtidig ekspressbusstilbod når ny Rv 7 Sokna – Ørgenvika blir opna juni 2014.
5. Regionrådet for Hallingdal ynskjer at det blir sett i gang eit arbeid for å vurdere korleis buss/togtilbodet gjennom Hallingdal kan utviklast og samordnast på ein betre måte, med siktet på å få ein enklare, meir kundevennleg og robust struktur, også i forhold til reiselivsnæringa. I denne samanheng må det også lagast ein plan for utvikling av knutepunkt.
  6. Regionrådet for Hallingdal støttar tiltak i forhold til meir kundevennleg ruteinformasjon og innføring av sanntidsinformasjon. For Hallingdal er det viktig at det blir etablert informasjonssystem som ser buss og tog i samanheng.
  7. Regionrådet for Hallingdal set stor pris på fylkeskommunen sitt engasjement for påverking til bygging av Ringeriksbanen og tiltak som gir kortare reisetid på Bergensbanen
  8. I forhold til skuleskyss føreset Regionrådet for Hallingdal at alle elevar skal ha sitteplass og at alle bussar har bussbelte.

Ål 23.6.2013  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

#### Vedlegg

1. Sak 03/12 uttale til Kollektivtransportplan for Buskerud
2. Handlingsprogram for kollektivtransport 2014-2017, høyringsversjon mars 2013

## UTSKRIFT AV MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 27.1.2012  
Stad: Ål, Ål kulturhus

### Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Tom Erik Hauger, Anne Sandum og regionkontakt Terje Moen

---

### SAK 03/12 UTTALE, KOLLEKTIVTRAFIKKPLAN FOR BUSKERUD

#### Uttale

Regionrådet for Hallingdal har følgjande merknader til forslag til Kollektivtransportplan for Buskerud:

1. I distrikta med lite trafikkgrunnlag er rutetilbodet i stor grad gjeve gjennom skulerutene, sjølv om dette ikkje alltid er tilpassa behova til andre reisande. Det er såleis eit noko avgrensa potensiale for å få fleire over frå privatbil til kollektive transportmidde, **men på enkelte område burde likevel planen gjeve litt tydelegare føringerar for korleis ein har tenkt å nå dei opplista måla.**
2. Store delar av Buskerud er tunt befolka, og her vil privatbilen måtte stå for store delar av transporten også i framtida. Likevel bør ikkje dette vera ei sovepute for å unngå tilrettelegging for eit best mogleg kollektivtilbod også i distrikta.
3. Hallingdal har omfattande intern pendling, med om lag 1500 som pendlar over ei eller fleire kommunegrenser. **Regionrådet for Hallingdal ber om at det i handlingsprogrammet blir vurdert «pendlarrute» Geilo – Gol, som vil omfatte ca. 800 personar.**
4. Buskerud fylkeskommune og kommunar må i samarbeid vurdere fleksible kollektivtransporttilbod i distrikta. **Forsøk med bestillingstransport i forskjellige variantar tilpassa lokale behov bør koma inn som konkret tiltak i handlingsprogrammet.**
5. **For Hallingdal er det heilt avgjerande å sikre morgontilbodet med buss eller tog til Drammen og hovudstadsområdet. Utan eit slikt tilbod har ikkje Hallingdal eit reelt kollektivtilbod for dagsreiser. Det er og avgjerande å sjå lange reiser med buss i samanheng med togtilbodet og ei god samordning med lokale busstilbod. Avganger må i størst mogeleg grad samordnast mellom buss og tog slik at det totalt blir eit best mogeleg tilbod i forhold til transportbehov gjennom døgnet. Det må og bli eit meir strømlinjeforma system enn det som er tilfelle i dag. Fokus er utvikling av knutepunkt der trafikkartane korresponderer. I tillegg må det arbeidast for ei forenkling og samordning av billettsystema.**

- 6. Til Hallingdal må lange fylkeskryssande reiser med buss frå Oslo og Drammen, sjåast i samanheng med togtilbodet.**
- 7. Det er eit stort potensiale for meir brukarvennleg ruteopplysning både for enkeltstrekningar, og ikkje minst for overgangsmogelegeheter.** Dette gjeld både internettbaserte løysingar og anna opplysningsmateriell.
- 8. Gjennomgåande billettering bør gjennomførast både for buss og tog og overgangar mellom desse.**
- 9. Bussrute Hønefoss – Gardermoen som korresponderer med tog på Bergensbanen har vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa i Hallingdal. Dette er eit punkt som må vurderast nærmare i handlingsprogrammet.**
10. Bergensbanen er av svært stor betyding for Hallingdal, både for innbyggjarane og for reiselivet. Det er viktig at togtilbodet blir innretta slik at det også kan betene reiselivsmarknaden betre enn det som er tilfelle i dag. **For å få fleire til å velje tog framfor bil eller fly må reisetida på Bergensbanen reduserast og frekvensen må aukast. Ny Ringeriksbane er ein føresetnad for å få overført vesentleg trafikk.** Regionrådet set her pris på det Buskerud fylkeskommune sitt engasjement for å få realisert Ringeriksbanen.
11. I høyringsutkast til Kollektivtransportplan for Buskerud er reiselivet og turisten i prinsippet ikkje noko tema. I ein «vanleg» tenking i forhold til utvikling av kollektivtilbod kan kanskje dette vera rett, men at denne problemstillinga blir oversett i eit fylke med Norges største reiselivregion er mildt sagt forunderleg. Hallingdal med 5 – 6 mill. gjestedøgn eller 1,6 mill. reiser (grovst stipulert), der kanskje 10 - 15% nyttar kollektivtilbod i dag, har ikkje vorre verdt å vurdere. At 2-3000 bilar kvar dag ikkje er interessant å vurdere inn i ein kollektivtrafikkplan er mildt sagt merkeleg. Sjølv om turisten ikkje er ei definert målgruppe i ein snever tankegang i forhold til ein kollektivtransportplan, vil denne målgruppa kunne vera med å gje eit meir omfattande kollektivtilbod. Denne problemstillinga blir ekstra merkeleg når det heller ikkje er teke omsyn til Buskerud fylkeskommune ein eigen plan, Regional delplan for reiselivet i Buskerud 2010 – 2016.

**Argumenta for å gjera nærmare vurderingar i forhold til turisten som målgruppe i kollektivtransportplanen bør vera innlysande.** Dette vil og styrke regionen sin konkurranseprofil.

Som eit siste argument kan nemnast tragikktryggleiksperspektivet. Regionrådet for Hallingdal har gjennom prosjektet «Trafikktryggleik Hallingdal» fått gjort omfattande analysar av trafikkulykker i Hallingdal gjennom mange år. Ein av konklusjonane er at i halvparten av ulykkene er turistar involvert.

I forslag til kollektivtrafikkplan er trafikktryggleikfokuset først og fremst i forhold til gangvegar til og frå haldeplassar.

- 12. I 2014 vil ny vegparsell Sokna – Ørgenvika opnast. Dette kan føre til endring i reisemønster Hallingdal – Oslo, noko som må vurderast.**

## **Saksopplysning**

Fylkesutvalet har vedteke å legge forslag til Kollektivtransportplan for Buskerud ut på høyring. Kollektivtransportplanen er ein langsiktig strategisk plan for utvikling av kollektivtransporten i Buskerud, og er ein regional plan etter den Plan- og bygningslova. Den skal bidra til strategisk styring og politikkutforming for kollektivtransport i Buskerud.

Planen er utarbeida som ein del av vedteke regional planstrategi for Buskerud, og med bakgrunn i planprogram vedteke i fylkesutvalet 9. juni 2010. Høyringsfrist er 1. februar 2012.

Etter at den strategiske kollektivtransportplanen er ferdig handsama, vil den fjølgast opp med eit handlingsprogram.

Saka er først og fremst utgreidd og vurdert med bakgrunn i Hallingdal sine behov, og punkt som etter dagleg leiar sitt syn bør forsterkast i forhold til planforslaget.

Fylkeskommunen har som mål at Buskerud skal vera ein attraktivt stad for busetting og arbeid, og at innbyggjarane skal gjevast best mogeleg tenestetilbod. I denne samanheng blir kollektivtransport sett på som viktig. Kollektivtransporttilbodet er viktig for å dekke innbyggjaranes transportbehov, særleg i byområda.

## **Dagens situasjon**

I Hallingdal er det interne kollektivtilbodet i stor grad busstilbodet basert på skulekøyring.

I tillegg finnes nokre lokale bussruter som:

- Geilo-Hagafoss-Ål
- Geilo-Ustaoset (- Haugastøl)
- Ål-Bergsjø
- Gol-Hemsedal

Kollektivtilbodet inn/ut av Hallingdal er:

- Hallingbussen (Oslo-Drammen-Geilo)
- Sogn og Fjordaneekspressen (Oslo/Drammen – Gol – Hemsedal – Sogn)
- Fagernes – Gol, A/S Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap (ikkje med i plan)
- Kongsberg-Rødb erg-Geilo
- Bergensbanen (Oslo – Hallingdal – Bergen)

Hallingdal er ein region med svært lite dagpendling inn/ut av regionen, først og fremst fordi reisetid til ein større bu/arbeidsmarknad er for stor. Men Hallingdal har omfattande intern pendling. Av de 9825 som arbeider internt i regionen er det ca. 1500 som pendlar over ei eller fleire kommunegrenser.

## **Utfordringar**

I planforslaget er det lista opp ri rekke utfordringar med utgangspunkt i arbeid og innspel i heile planprosessen, planprogram, rapport om nåsituasjonen, møter i styringsgruppe og arbeidsgruppe, eksterne møter med kommuneregioner og tre større samlingar/ seminar.

Her er det teke med punkt som er relevant for Hallingdal.

## **Samfunnsmessige utfordringer**

- *Så å si all befolkningsvekst i Buskerud frem til 2030 vil komme i Buskerudbyen, Hønefoss, Hole og Røyken. Befolkingen er av SSB anslått til å øke med ca. 27 %. Hvis dagens reisevaner opprettholdes vil etterspørselen i vegsystemet overstige vegkapasiteten. Bygging av ny vegkapasitet vil bli etterspurt hvis køer og forsinkelser ikke skal bli det normale.*

## **SAK 19-13, VEDLEGG 1**

- *Bolig- og næringsutvikling utenfor knutepunkter/ tettsteder eller korridorer med godt kollektivtilbud, initierer økt biltrafikk og bygger ikke opp under kollektivtransporttilbuddet.*
- *Nivået på tilskudd til kollektivtransporten (samlet for 18 fylker) har økt med 70 % fra 2005 til 2011. I samme tidsrom økte driftskostnadene med 46 % mens ruteproduksjonen falt 3 %. Grunnen til at tilskuddet øker mer enn kostnadene er at billettinntektene ikke øker i takt med kostnadene. Billettinntektene viser en fallende andel av de totale inntektene.*

### ***Utfordringer i kollektivtransporttilbuddet***

- *Finansiering er hovedutfordringen. Et hvert ønske om forbedring av rutetilbuddet gjennom for eksempel hyppigere avganger, lengre driftsdøgn etc., vil kreve høyere tilskudd til drift av kollektivsystemet.*
- *Dagens tilskuddsandel varierer fra ca. 50 % i byene til ca. 85 % i distriktene. Økning av rushinnsatsen er spesielt dyr fordi rushtidsvogner ofte får lav utnyttelse. Trenden over tid er at tilskuddet i kroner har vært noenlunde stabilt.*
- *Forenkling av linjenett og stive ruter er ønskelig fordi det gir et lettere kommuniserbart kollektivtransportprodukt til passasjerene.*
- *Sammenbinding av linjenettet med gode korrespondanser i et definert antall knutepunkter.*
- *Det er store forskjeller i befolkningstetthet mellom byer/ tettsteder og distriktene i Buskerud. Kollektivtilbud ut over lovpålagt skoleskyss kan være svært kostbart.*
- *Skoletider og fastsetting av ferier og planleggingsdager er ofte kostnadsdrivende for skoleskyssen på grunn av manglende samordning.*
- *Forenkling av pris- og sonestruktur kan gjennomføres uten at billettinntektene synker, men det svarer ikke ut en forventning om at ingen skal få dyrere reiser enn i dag.*
- *Det mangler samordning av billettering mellom NSB og buss, både for tilskuddsberettiget og kommersiell transport. Det gjør at passasjerene ikke kan velge det til enhver tid mest hensiktsmessige transportmidlet der buss og tog går parallelt.*
- *Betaling med kontanter (penger) skal ut av bussene (avtale mellom partene i arbeidslivet). Tilrettelegging for billetsalg via agenter, mobil og internett vil ha en kostnad. Høyere reisehastighet gjennom kortere holdeplasser vil gi en gevinst. Det er usikkert om gevinsten veier opp kostnaden.*
- *Tilbudet for lange regionale reiser med kollektivtransport er mangelfull.*
- *Bussruter som betjener flyplassene (Gardermoen og Torp) fra områder som ikke dekkes av flytoget eller NSB er noe etterspurt, men vanskelig å drive kommersielt.*
- *Det er mange aktører og vanskelig for kundene å forstå og få oversikt over.*

### ***Utfordringer i kollektivtransportsystemet***

- *Større generelt fokus på informasjon mot de reisende medfører ønske om sannidsinformasjon på holdeplasser og mobiltelefoner, samt videreutvikling av web-grensesnitt med alle reisetjenester.*
- *Mangelfullt drift og vedlikehold av vegnettet gir slitte dekker og ukomfortabel reise med store kjøretøy (busser)*
- *Krav om universell utforming gir noe dyrere materiell (+5 %) og noe færre sitteplasser (-10 % i en normalbuss) og dermed høyere kostnader og lavere kapasitet.*

## **SAK 19-13, VEDLEGG 1**

- Krav om universell utforming gir føringer for utforming, drift og vedlikehold av holdeplasser. (Samtidig er holdeplasser med høy standard og godt vedlikehold med på å gi et positivt bilde av kollektivtransporten.)
- Skjerpe miljøkrav, generelt og til busser spesielt kan gi dyrere innkjøp og drift av materiell.
- Mange aktører, uklare ansvarsforhold, vanskelig for kundene å orientere seg om kollektivtilbudene.
- Konkurransesforholdet mellom bil og buss gjør det er for lite attraktivt, tidmessig, å bruke buss og tog.

Visjon for kollektivtransporten i Buskerud er:

**at det skal vera enkelt og attraktivt å reise kollektivt.**

Overordna mål for kollektivtransporten i 2030:

- Kollektivtransporten (tog og buss) i Buskerud har en sentral rolle i å dekke befolkningens ulike behov for persontransport, gjennom et velfungerende samspill med andre trafikkanter som gange, sykkel, bil og fly.
- Kollektivtransporten er tilrettelagt for å redusere negative miljøvirkninger fra samferdsel ved at tilbuddet er best i tettbygde områder, mens tilbuddet i distrikten primært sikrer befolkningens grunnleggende mobilitet.
- Satsing i byer og tettbygde områder har fått økt finansiering. I distrikten utvikles kollektivtransporten innenfor tilskuddsnivået slik det var i 2012 (da planen ble vedtatt).

Strategi for å nå overorda mål:

**Kollektivtransport og miljøvirkninger**

- Kollektivtransporten utvikles og tilrettelegges med et godt tilbud i tettbygde områder for å bidra til å redusere negative miljøvirkninger fra persontransport.

**Kollektivtransport og arealbruk**

- Fremtidig arealbruk skal bidra til å redusere det daglige transportbehovet og styrke bruk av kollektivtransport i de områder i fylket hvor det satses sterkest.

**Finansiering av kollektivtransporten**

- I tettbygde områder (med sterkt satsing på kollektivtransport) innføres det en tilleggsfinansiering av kollektivtransport, som samtidig bidrar til å redusere bruken av privatbil, som for eksempel bompassenger, vegprising, køprising og/eller parkeringsrestriksjoner.
- I distrikten satses det på utvikling av kollektivtransporten innenfor dagens tilskuddsnivå.
- Finansiering må omfatte både et forbedret kollektivtransporttilbud og et hensiktsmessig kollektivtransportsystem.

Hovudmål for kollektivtransporttilbodet

**Hovudmål H1:**

- Kollektivtransporttilbuet er betydelig øket i byer og sentrale tettsteder internt i fylket og for fylkeskryssende reiser mot Akershus og Oslo.

Strategi for å nå hovudmål 1:

**H1.1 Kollektivtransporttilbud for betjening av byer og sentrale tettsteder**

- For betjening av byer og sentrale tettsteder som Drammensdalen (Lier – Hokksund), Kongsberg og Hønefoss skal veksten i motoriserte reiser, som følge av forventet befolkningsøkning, tas av kollektivtransport.
- Tilbuet skal være godt og tilpasset lokale behov.

**H1.2 Kollektivtransporttilbud mot Akershus og Oslo**

- I Drammensdalen (Lier – Hokksund), Kongsberg, Ringerike/Hole og Røyken, skal veksten i

## **SAK 19-13, VEDLEGG 1**

*motoriserte reiser mot Akershus/Oslo, som følge av forventet befolkningsøkning, tas av kollektivtransport.*

- *Tilbudet skal være godt og koordinert med Ruter sitt tilbud i Akershus/ Oslo.*

### **H1.3 Busstilbud lokalt i distriktene**

- *Lokalt i distriktene skal kollektivtransport med buss utvikles innenfor dagens tilskuddsnivå.*
- *Lokalt i distriktene skal kollektivtransport med buss primært utvikles med basis i behovet for skolekjøring. Det legges vekt på å utvikle et smart kollektivtransporttilbud som er med på å sikre innbyggerne en grunnleggende mobilitet.*

Når det gjeld strategi H1.3 for å nå hovedmål H1, busstilbod lokalt i distrikta, blir det i planen foreslått:

- *Lokalt i distriktene skal kollektivtransport med buss utvikles innenfor dagens tilskuddsnivå*
- *Lokalt i distriktene skal kollektivtransport med buss primært utvikles med basis i behovet for skolekjøring. Det legges vekt på å utvikle et smart kollektivtransporttilbud som er med på å sikre innbyggerne en grunnleggende mobilitet.*
- *Tilbudet i distriktene bygges opp omkring skoleskyss og eventuelt bestillingstransport. I distriktene skal kollektivtransporten primært gi et reisetilbud som er med på å sikre innbyggerne en grunnleggende mobilitet.*
- *Kollektivtransporten skal gi mulighet for t/r forbindelser fra bosted til kommunesenter og regionalt knutepunkt. Tilbudet kan være:
  - *Lokale distriktslinjer i forbindelse med skolestart og skoleslutt basert på behovet for skolekjøring. Linjene er åpne for alle reisende.*
  - *Distriktslinjer tilpasset avganger med lange regionale linjer (tog-/ ekspressbuss-/ TIMEekspressen). Tilbudet antas hovedsakelig å være bestillingstransport.**
- *Kollektivtransporttilbuddet i distriktene er likt i alle fremtidsbilder, kapittel 8. Tilskudd til skolekjøring styres av lovpålagte oppgaver. Tilskudd til øvrig kollektivtransport i distriktene skal være tilsvarende dagens nivå. Kommuner og lokalt næringsliv, kan gjennom egne tilskudd heve nivået på tilbuddet lokalt.*
- *Buskerud fylkeskommune og kommunene kan i samarbeid tilby fleksible kollektivtransporttilbudd i distriktene. Forsøk med bestillingstransport i forskjellige varianter tilpasset lokale behov er en mulig vei å gå. En annen modell er kombinerte tilbud i samarbeid med TT-transport.*

### **H1.4 Lange reiser med buss internt i Buskerud**

- *Lange reiser med buss internt i Buskerud skal utvikles innenfor dagens tilskuddsnivå.*
- *Reisene skal samordnes med andre lokale busstilbud, komplettere togtilbuddet og bygge opp under jernbanens hovedknotepunkt.*

Når det gjeld strategi H1.4 for å nå hovedmål H1, lange reiser med buss internt i Buskerud, blir det i planen m.a. sagt:

*Lange reiser er reiser som i hovedsak skjer relativt sjeldent, altså ikke daglige pendlingsreiser. Dagens lange bussruter er for eksempel Hallingbussen.*

*Kollektivtilbuddet for lange reiser er spesielt viktig for reiselivet i regionen, men også for arbeidslivets transporter, både for pendlere og for tjenestereiser. Avganger bør derfor i første rekke tilbys morgen/ettermiddag og i forbindelse med helgetur-/innfart.*

*Tilbudet av lange regionale reiser og jernbanenettets viktigste knutepunkter legger hovedstrukturen for kollektivtransporten. Lokale reiser og korte regionale reiser er ofte knyttet opp mot de lange regionale reisene, med omstigningspunkter og korrespondanser som legger premisser for det øvrige kollektivtilbuddet.*

### **H1.5 Lange fylkeskryssende reiser med buss**

- *Lange gjennomgående reiser med buss (starter og slutter utenfor Buskerud) skal som i dag drives uten tilskudd.*

## **SAK 19-13, VEDLEGG 1**

Når det gjeld strategi H1.5 for å nå hovedmål H1, Lange fylkeskryssende reiser med buss, blir det i planen m.a. sagt:

*Lange reiser vil fortsatt være betjent av kommersielle operatører, som må ha konsesjon for å kjøre. Ved å stille krav til konsesjonssøker, kan fylkeskommune til en viss grad styre tilbuddet slik at det aktivt supplerer det øvrige kollektivtilbuddet. Det bør vurderes om det skal stilles krav ved kon-sesjonssøknad/fornyelse av konsesjon, om at operatør skal benytte BKs pris- og sonesystem for å kunne ta med reisende innen Buskerud.*

*Målet er at det tilbys avganger på relasjoner og tidspunkt som dekker markedet for lange regionale reiser. Til Hallingdal bør det tilbys reisemuligheter fra Oslo og Drammen som aktivt kompletterer toget. Til Numedal skal det tilbys reisemuligheter som korresponderer med toget i Kongsberg (eller Drammen). Samarbeide med lokalt næringsliv, turoperatører, hoteller om felles tilkjøring/ utkjøring til de store markedene i Akershus/ Oslo bør initieres. Eventuelle direkte bussruter til flyplasser (Gardermoen, Torp) skal baseres på kommersielle ruter. Kollektivtilbuddet for lange reiser vil være likt i alle fremtidsbilder.*

### **H1.6 Togtilbud**

- *Buskerud fylkeskommune skal påvirke staten til å gi tilbud med lokaltog, regiontog og fjern tog som bygger opp under overordnet mål.*

Når det gjeld strategi H1.6 for å nå hovedmål H1, togtilbodet, blir det i planen m.a. sagt: *I Buskerud er dette reiser med Kongsberg – Eidsvollpendelen, Bergensbanen (region tog Oslo-Bergen), Sørlandsbanen (region tog Oslo-Kristiansand/Stavanger), Vestfoldbanen (IC-tog Lille-hammer-Skien) og flytoget Gardermoen-Drammen.*

*Det antas at det i første del av planperioden gjennomføres et forbedret togtilbud mellom Drammen og Akershus/Oslo. NSB planlegger 5 avganger pr time fra 2014. Videre at flytoget opprett-holdes med 3 avganger pr time til Gardermoen.*

*Målsetting for togtilbuddet er 30 minutt frekvens mellom Drammen og Kongsberg på kort sikt og forbedring av tilbuddet på Spikkestadlinjen med lengre perioder med 30-min frekvens i rushtidene. På lengre sikt bør Drammen – Kongsberg ha 15-minutt frekvens.*

*Fylkeskommunen skal gjennom samarbeidet i Buskerudbyen, påvirke NSB og Samferdselsdepartementet til å tilby et forsterket togtilbud.*

*Utrede fordeler og ulemper ved at kjøp av lokaltogtjenester gjøres lokalt/regionalt, i stedet for som i dag, av Samferdselsdepartementet.*

*Buskerud fylkeskommune har ikke et direkte ansvar eller myndighet over togtilbuddet i Buskerud, men har et hovedansvar i rollen som påvirker.*

### **Hovedmål for kollektivtransportsystemet**

#### **Hovedmål H2:**

- *Kollektivtransportsystemet for buss har en robust grunnstruktur som er tilpasset jernbanenettet.*
- *Grunnstrukturen er enkel, oversiktlig og lett å bruke for kunden.*

Strategi for å nå hovedmål 2:

#### ***H2.1 Linjenett og knutepunkter for tog og buss***

## **SAK 19-13, VEDLEGG 1**

- Basislinjenett og hovedknutepunkter (grunnstrukturen) skal være enkel og oversiktlig og vare over tid slik at fylkeskommunens og kommunenes langsiktige planlegging understøttes.
- Tog- og busstransport samordnes for å gi et best mulig tilbud til "kundene" samlet sett. Fokus er utvikling av knutepunkter der trafikkartene korresponderer samt forenkling og samordning av billettsystemene.
- Det skal satses på muligheter for innfartsparkering (park and ride) i alle knutepunkter og andre naturlige steder der kollektivsystemet tilbyr en god frekvens hele driftsdøgnet.

Når det gjeld strategi H2.1 for å nå hovedmål H2, linjenett med tog og buss, blir det i planen m.a. sagt:

*Samordning skjer ut fra trafikantenes (kundenes) og transportselskapenes behov. Samordning henger sammen med kapittel 7.3 Kortere, rettere, raskere bussbetjening. Samordning skjer i knutepunkter der kollektivmidlene møtes og korresponderer. Målsettingen er integrerte ruteplaner der det sikres at de forskjellige kollektivmidlene og linjetypene alltid korresponderer der de møtes. I denne prosessen må det defineres et antall knutepunkt med forskjellig viktighetsgrad (hierarki). Tre nivå på knutepunkter anses som hensiktsmessig i denne planen: Knutepunkter med jernbanestasjoner og sentral beliggenhet i forhold regionale korrespondanser er definert som nivå 2. Hokksund, Kongsberg, Hønefoss, Gol og Geilo er definert som nivå 2.*

### **H2.2 Kortere, rettere og raskere bussbetjening**

- Linjenettet skal være lett å bruke og lett å forstå for de reisende.
- Et enklere linjenett skal gi økt forutsigbarhet og redusert reisetid.

### **H2.3 Universell utforming og kundevennlighet**

- Materiell, informasjonssystem og infrastruktur skal være universell utformet.
- Pris- og sonestruktur skal være enkel og kundevennlig.
- Sanntidsinformasjon skal være tilgjengelig.
- Ruteinformasjon skal være tilgjengelig på aktuelle medier.
- God kundebehandling skal prege virksomheten.

### **H2.4 Infrastruktur**

- Kollektivtraseene skal sikres god (behagelig) dekkvalitet.
- Det skal være fokus på å forbedre gangrutene til og fra holdeplasser.
- I byer og sentrale tettsteder skal det legges til rette for å sikre bussene samme fremkom-melighet i og utenfor rush slik at forsinkelser ikke opptrer og forutsigbarhet oppnås.
- Buskerud fylkeskommune skal påvirke staten til utbygging av:
  1. Sørlandsbanen mellom Drammen og Kongsberg med dobbeltspor.
  2. Ringeriksbanen
  3. Videreutvikle Spikkestadlinjen med forbedret tilbud
  4. Bedre kapasiteten i linjenettet i tråd med økende behov; særlig i Osloområdet.

### **H2.5 Bussmateriell**

- Bussmateriell skal oppfylle alle myndighetskrav.
- Bussmateriell skal bidra til å redusere utslipp og å redusere støy.
- Det skal være sitteplass til alle grunnskoleelever ved kjøring på veg med fartsgrense over 60 km/t

### **Framtidsbilde**

I planen er det skissert 4 aktuelle framtidsbilde for ei sannsynleg utvikling av kollektivtrafikken i Buskerud. Bilda er meint å vera ein bakgrunn for å drøfte politikk/strategi for Buskerud. Her er aktuell eller mogeleg finansiering av kollektivtransporttilbodet den viktigaste faktoren for måloppnåing.

Framtidsbilda er skildra som:

#### **1. Fallende kollektivandel.**

## **SAK 19-13, VEDLEGG 1**

*Fremtidsbildet er basert på dagens tilskuddsnivå fra Buskerud fylkeskommune. Kollektivtransporten vil stå for en fallende andel av motoriserte reiser. Biltrafikken vil øke noe sterkere enn antatt befolkningsvekst tilsier. Kollektivtransporten vil ikke spille noen viktig rolle i å dekke Buskerud fylke sine transportbehov.*

### **2. Forsvare forholdet bil – kollektiv.**

*Det betinger en økning av dagens tilskuddsnivå med 20 – 40 %. Økningen antas å måtte komme fra Buskerud fylkeskommune og eventuelt kommunale midler. Kollektivtransporten antas å ha samme betydning som i dag i forhold til reiser med bil. Biltrafikken vil øke i takt med befolkningsveksten.*

### **3. Dobling av kollektivtransporten.**

*I tråd med Østlandssamarbeidets innspill til rullering av NTP 2014-2023. Veksten i biltrafikken vil bli lavere enn antatt vekst i befolkning. Det betinger ca. en dobling av dagens tilskuddsnivå. Det antas at dette i tillegg til dagens tilskuddsnivå fra Buskerud fylkeskommune, betinger en form for trafikantbetaling og eventuelt noen ekstra midler fra kommuner/stat og næringsliv.*

### **4. Kollektivtransporten tar hele veksten i motoriserte reiser.**

*Det betinger opp mot en tredobling av dagens tilskuddsnivå. Biltrafikken antas å holde seg på dagens nivå selv med en betydelig befolkningsvekst. Det antas at dette i tillegg til dagens tilskuddsnivå fra Buskerud fylkeskommune, betinger en form for trafikantbetaling og eventuelt noen ekstra midler fra kommuner/stat og næringsliv.*

I dei skisserte framtidsbilda er følgjande gjeldande for Hallingdal:

- Satsing i byer og tettbygde områder har fått auka finansiering. I distrikta skal kollektivtransporten utviklast innanfor tilskotsnivået slik det var i 2012.
- Trafikkutviklinga for bil i byar og sentrale tettstedar: Ingen auke i biltrafikken i takt med befolkningsauken. 5 % nedgang i rushturar  
Distrikta: Biltrafikken følgjer befolkningsutviklinga.
- Busstilbodet i distrikta er skulekøyring pluss eit bestillingsbasert tilbod mogelegheit for forbindelse til kommunesenter og gjennomgåande regionale linjer 1-2 gonger pr veke.  
Dei ulike framtidbilda er like i forhold til måloppnåing.

For Hallingdal vil kollektivtransporttilboden vera likt i alle framtidsbilda, ut frå den begrensna satsinga det er lagt opp til i distrikta.

## **Vurdering**

### **Generelt**

Det er ei kjennsgjerning at Kollektivtransportplan for Buskerud i stor grad er ein plan for byar og sentrale tettstader, noko det er forståing for. I distrikta med lite trafikkgrunnlag er rutetilboden i stor grad gjeve gjennom skulerutene, sjølv om dette ikkje alltid er tilpassa behova til andre reisande. Det er såleis eit noko avgrensa potensiale for å få fleire over frå privatbil til kollektive transportmiddelet, men på enkelte område burde nok likevel planen gjeve litt tydelegare føringer for korleis ein har tenkt å nå dei opplista måla. I alle fall innan regionane med eit rimeleg godt utbygd kollektivtilbod burde det også vera strategi for korleis ein skal få flest mogleg til å nytte tilboden.

Planen har fokus på tilrettelegging for kollektivtilbod i fylkeskommunens regi, men gjev ingen forslag til tiltak eller føringer for korleis ein skal få flest mogleg til å nytte tilboda som faktisk finst.

